

På landstoppen i konfirmas

• – Det er berre slik ein gjer, seier Hornindal-ungdommen om å konfirmere seg

KONFIRMASJON

108 prosent av 15-åringane i Hornindal konfirmerte seg i Den norske kyrkja i fjor.

Forklaringa på at det er fleire enn hundre prosent, er truleg unge som bur i kommunen, men som står i Folkeregisteret andre stader. Sunnmørsposten kjenner også til at det var ein 15-åring i fjor som valde humanetisk konfirmasjon.

Men med statistisk sentralbyrå si registrering på 108 prosent, er Hornindal på femteplass i landssamanheng når ein ser på talet konfirmantar. Kommunen har lege jamnt høgt lenge - og det gjer også dei andre kommunane på Nordvestlandet. Snittet er godt over landsgjennomsnittet, og ligg på knappe 90 prosent.

– Kjekkkare enn vi trudde.

– Nyttig kunnskap.

– Kjekkkast når vi har vore på tur, er kommentarane frå nokre av årets konfirmantar når Sunnmørsposten spør om korleis konfirmanttida har vore.

Hilde Løvlid, Iselin Olsen, Rolf Helge Lund Dahl og Geir Ola Tvinnereim fortel at om dei skulle konfirmere seg eller ikkje, har ikkje vore noko tema. Det er berre slik ein gjer. Og no ventar bunader og dress, koldtbord og familiefest på Kristi himmelfartsdag.

Opplæring. Då er også kateket Beate Nes ferdig med årets Hornindal-kull av konfirmantar. Ho fortel om eit opplegg der aktivetsdag på folkehøgskulen og nattcup i Måløy med alle nordfjord-konfirmantane nok er mellom høgdepunkta. Men det er ikkje noko råfancy opplegg som lokkar konfirmantane til kyrkja.

– Nei, vi legg vekt på kunnskap og dei må til og med pugge noko. Men eg trur ungdomen er oppteken av tru og tradisjon sjølv om dei ikkje har så mange ord for det.

Kateketen meiner også dei unge har behov for å finne ut meir om kvar dei høyrer til og kvifor i møte med andre religionar.

Ungdomen vel å bruke minst seksti timar på konfirmantundervisning. Og gjennom året fortel Beate Nes at det skjer noko.

– Dei vert sjølvstøtt eit år eldre, men vi merkar også at dei får meir språk for trua.

Mellom anna vekkjer opplæring om dei ti boda og diskusjonar om etikk engasjementet hos dei unge. Men målet hennar er ikkje å gi alle dei ferdige svara.

– Vi vil gå eit stykke veg saman med dei, gi dei noko å gripe fatt i den dagen dei kjem til at det kanskje var noko i dette.... Difor må dei også pugge. Det dei kan utanat kan kome til nytte.

TORILL MYREN
tm@smp.no

KONFIRMERTE I DEN NORSKE KYRKJE I % AV 15-ÅRINGAR

NASJONAL RANGERING		PROSENT
5	HORNINDAL	108,3
24	NORDDAL	100
31	STRYN	97,9
32	SANDE	97,3
39	SELJE	95,2
50	SYKKYLVEN	93,8
68	STRANDA	91,2
70	VANYLVEN	90,9
71	VESTNES	90,8
72	HERØY	90,7
82	ULSTEIN	89,1
93	SKODJE	87,7
94	STORDAL	87,5
97	SULA	87,4
98	GISKE	87,3
103	ØRSTA	86,8
130	VÅGSØY	84,8
131	ØRSKOG	84,6
153	HAREID	82,4
156	EID	81,7
165	VOLDA	80,3
174	MIDSUND	79,3
200	HARAM	78
207	ÅLESUND	77,4
278	SANDØY	70,8

– Kjekkkare enn vi trudde

ÅRETS KONFIRMANTAR I HORNINDAL OM KONFIRMASJONSUNDERVISNINGA

KONFIRMASJON


• Ordet kjem frå det latinske konfirmare som betyr stadfesting.

• På landsplan er det rundt 80 prosent av 15-åringane som har konfirmert seg i Den norske kyrkja på 2000-talet, men ein liten nedgang dei siste åra.

• Snittet for dei 25 kommunane på Nordvestlandet er på rundt 90 prosent.



KONFIRMANTAR: Hilde Løvlid, Geir Ola Tvinnereim, Iselin Olsen og Rolf Helge Lund Dahl er av årets konfirmantar i Hornindal.



HØGT I NORDVEST: Diagrammet viser konfirmerte i Den norske kyrkja på Nordvestlandet (raud linje) og i Norge (blå linje) i prosent.

sjon



RITUALE: Ikkje lenger frå barn til vaksen, men frå barn til ungdom, fortel forskar Ida Marie Høeg. ARKIVFOTO: INGER OTTERLEI

Familiefesten er viktigast

RITUALE

Talet på foreldre som ber barna sine til dåpen i Den norske kyrkja stuper. Men ungdomen vil bli konfirmert.

Dei siste fem åra har talet på dåpsbarn i Den norske kyrkja falle med ti prosentpoeng. På landsplan er det no 62 prosent av barna som vert døypte i kyrkja. Talet på konfirmantar er derimot høgare og har ikkje same nedgangen som i talet på dåpsbarn.

Forskar ved Kifo (Stiftinga Kirkeforskning), Ida Marie Høeg, har forska mellom anna på overgangsrituale og konfirmasjon. Ho seier det er fleire forklaringar til at konfirmasjon fortsatt står sterkt. Ei er at foreldregenerasjonen vaks opp i ei tid med sterkare religionskritikk enn det ein har i dag.

– Og når ungdomane no står for noko anna enn det foreldra gjer, så blir det sett på som eit sjølvstendig val, noko som står høgt i norsk kultur. Foreldra er stolte over at ungdomen tør å stå for noko.

Høeg fortel også at mange ungdomar opplever at kyrkja, dei verdiane kyrkja står for og miljøet som noko positivt og attraktivt.

Døypert før konfirmasjonen. Om ungdomen ikkje vart døypert som baby, så er ikkje det noko uoverstigeleg hinder heller.

– I Norge i dag er det kulturell legitimitet for at unge vert døypert i samband med konfirmasjon. Dette blir gjort i fleire kyrkjelydar og ungdomane sjølve veit godt om denne mulegheita.

– Men når 80-90 prosent av dei unge konfirmerer seg i Den norske kyrkja, så er det også eit sosialt press?

– Det er det alltid når ein har ein majoritet. Det er også eit sosialt press om å skaffe seg ein utdanning, få seg ein jobb, gjere det «vanlege».

Godt fornøgd. Men Ida Marie Høeg peikar også på at dei unge seier dei ikkje kan sjå noko negativt i ein kyrkjeleg konfirmasjon.

– Og ein kan spørje seg om kvifor mange ikkje vel eit human-etisk opplegg som er kortare enn å velje eit lengre løp i kyrkja som kanskje også

inneber at dei blir døypt?

Svaret er mellom anna at unge fortel om godt utbytte av konfirmanttida i Den norske kyrkja.

– Undersøkingar viser at dei er godt fornøgd, og mange meiner at dei har lært ein heil del og fått meir kunnskap om kva den kristne trua går ut på.

Meir enn pengar. –Det handlar altså ikkje «berre om pengar»?

– Nei. Det er ikkje til å stikke under ein stol at pengar og presangar er ein viktig motivasjon for å gå igjennom konfirmanttida, men vi ser at andre dimensjonar er like viktig - og viktigare.

Tal frå undersøkingar viser at godt fellesskap med andre konfirmantar er like viktig som gaver. Konfirmantane har i stor grad opplevd konfirmanttida som positiv.

– Og feiringa, markering med slekt og vener, er det viktigaste.

Medan konfirmasjon tidlegare vart sett på som eit overgangsrituale mellom barn og vaksen, er det no meir ein overgang mellom barn og ungdom.

–Men det har fortsatt med vekst og modning å gjere.

Høeg seier ein kan sjå det mellom anna på at mange unge, spesielt jentene, får eit plagg, gjerne bunad, som skal vare livet ut.

–Og ein del ungdomar får også oppgaver som å halde velkomsttale eller skrive på takkekorta sjølv som representerer noko nytt, fleire krav enn tidlegare.

Konfirmasjonen fell også saman med det året ein fyller 15 år, den religiøse myndighetsalderen.

– Då kan ein melde seg ut eller inn av det trus- eller livssynsfunn som ein vil, og kan stemme ved kyrkjeval.

– Feiringa, markering med slekt og vener, er det viktigaste

IDA MARIE HØEG



MEININGSFULLT: Kateket Beate Nes fortel om positive konfirmantar. – Eg trur ungdomen er oppteken av tru og tradisjon, og dette med at dei er pressa opplevde eg meir før.